

Aktivitetsplan 2015/2016/2017


Dato:	Aktivitet:	Ansvarleg:
Laurd 19. des.	Julespeling i Måløy og Fastlandet	
Søn. 20. des	Julekonsert	Styret
2016:		
laurd og sønd 2. og 3. jan	Ekstraøving nyttårskonsert	
Laurd. 9. jan.	Nyttårskonsert	John Inge, Lisbeth, Tor-Åge, Heidi, Asbjørn
Laurd. 9. jan.	Årsfest	Terje, Sindre, Marte
1.- 3. april	Kyrkjekonsert	Noteutvalet - styret
Søndag 29. mai	Storbrieffing av komitear og tillaging	
3.-5. juni	Stormfestival	Eigen komite
Haust 2016 eller våren 2017		Utanlandstur Komite

Skal lage julestemning i Måløy og Deknepollen

Laurdag 19. desember skal Torskangerpoll Musikklag spele julemusikk i Måløy og på Måløy



Stormarked i Deknepollen. Det er Måløy Handelsforeining som har hyra inn Torskangerpoll. Dagen etter, søndag 20. desember, skal Torskangerpoll Musikklag spele på den tradisjonelle julekonserten i Sør-Vågsøy kyrkje. Torskangerpoll skal opne konserten i kyrkja.



John Inge har teke fagbrev i plakatlag- ing. Her er ein av plakatane han har laga og som han er mest stolt av ...

God jul til alle

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

År. 10

22. årgang

Desember 2015

Nyttårskonsert med Isak Søraa og storbandsviser 9. januar 2016




Kryss av laurdag 9. januar 2016. Då blir det stor konsert med Torskangerpoll Musikklag i Nordfjordhallen.

I år er vår lokale helt, Isak Søraa, tilbake. Denne gongen er det utan Elvis-dressen som han hadde stor suksess med sist vi samarbeidde. Denne laurdagskvelden er tema storband og sviser som Isak syng av kjende verdstjerner som Frank Sinatra, Tom Jones, Dean Martin med fleire.

Kaldo Kiis skal også vere med.

Dirigent Lisbeth Våge lovar musikk for ein kvar smak. Du kan kjøpe billett på kommunen sitt servicetorg i Måløy eller på nordfjordhallen.no.



www.torskangerpoll.no

Endå en veteran er borte

Slik minnst Ane Barmen Audun "Stranden" Færestrand som døydde 17. november:

"Det var ein tysdag i 1998 eg møtte Stranden for fyrste gong. Eg skulle endeleg få lov til å prøve meg i Torskangerpoll Musikklag – populært kalla laja. Eg var eigentleg altfor ung, aldersgrensa var 16 år, og eg var 13, men hornrekka var tynn og trong fleire. Så fekk eg lov til å kome på ei tysdagsøving ute i gamleskulen i Gravidal.

Eg var var den absolutt yngste der, vitskremd for å gjere feil og ikkje vere god nok, og ikkje kjende eg så mange der heller.

Eg blei plassert på hornrekka mellom ho Tove og han Stranden. Vi var ein fin bukett: Tove i tredveåra, eg på tretten og Stranden på sytti. Den eldste og den yngste var sidekameratar. Sånn var det i laja: folk i alle aldersgrupper med same hobby møttast og var saman, spelte, blei vener.

Stranden sa ikkje så mykje. Men på fyrste øvinga fekk eg spele solo på "Bohemian Rhapsody", og i pausa sa han til meg: "Ja, da va no fint, ditta der!" Eg pusta letta ut. Det kom kanskje til å gå greitt, dette.

Eg blei verande i laja. Medan andre tenåringar var ute på fest og drakk og klina i helgane var eg på øvingshelger og turar med Torskangerpoll. Venninnene mine gjekk på diskotek i Måløy og dansa til Spice Girls. Eg sat heime hos korpskomp-

isar frå fjorten til sytti og song sjølvdikta songar saman med Stranden og dei hine. Ein kan vel trygt slå fast at eg definitivt ikkje var den kulaste tenåringen i byn. Men det fekk våge seg. Eg hadde jo laja.

Stranden var som sagt ikkje ein mann av mange ord. Men dei han kom med kunne fort vere legendariske. Ein gong på øving då vi skulle stemme korpset fekk han beskjed om å dra ut eine ventilen litt. Stranden blei i stuss. Dra ut? "Ka vai?" spurde han forvirra, og skapte utan å meine det eit ordtak i musikklaget som framleis er i bruk i dag.



Han tok aldri rampelyset, Stranden. Han kom på øving og spelte horn, var med på turar og basarar og 17. mai, lun, smilande, trufast. Sjenert, venleg, kanskje einsam. Eg veit ikkje. Det slår meg no at eg vel eigentleg ikkje kjende Stranden så godt – ikkje på ein sånn måte at eg visste korleis han tenkte, korleis han hadde det.

Men eg kjende han godt nok til å vite at han var ein fin fyr. Ein som alltid spurde meg korleis det gjekk "der inni Gløppa" då eg flytte heimanfrå for å gå på vidaregåande

på Sandane. Ein som var ein stødig sidekamerat på hornrekka. Ein god korpskompis.

No er han borte. Vi kjem til å sakne deg, Stranden. Takk for alle gode stunder."

Audun Færestrand er ein av dei som har spelt lengst i Torskangerpoll Musikklag.

Han var fødd 17. mai i 1927. Han døydde 88 år gamal heime på Myrestrand.

Vi lyser fred over Audun sitt minne. Det er mange som vil sakne deg.



Terje inviterte alle på bursdagsfest

Terje Våge inviterte alle i korpset på fest då han feira 60-årsdagen sin 5. desember. Og det vart ein flott fest med god stemning. Terje fekk seg mellom anna ny campingvognsykel. Korpset spelte og sang til jubilenten

Nyttårskonsert:
Torskangerpoll Musikklag
og Isak Søraa serverer svingande svsker

Konsert i Nordfjordhallen
Laurdag 9. januar klokka 17.00

Billettar: Vaksne kr 200
Under 15 år: kr 100
Førehandssal: nordfjordhallen.no ved eBillett
eller på servicetorget til Vågsøy kommune



Isak syng yndlingslåtar av mellom andre Frank Sinatra, Tom Jones, Dean Martin m. fl.